

Saksprotokoll

Organ: Fagopplæringsnemnda

Møtedato: 14.03.2018

Sak nr.: 18/1472-2

Internt l.nr. 12922/18

Sak: 1/18

Tittel: Automatiserings- og dataelektonikarfaget

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Søkjarar som har fullført vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget som står utan læreplass per 15. august (påfølgjande skuleår), får tilbod om ekstra opplæring ved den skulen der dei fekk opplæring på vg3.
2. Skulen som gav opplæring på vg3 (avgjevarskule) har ansvar for:
 - a) sikre at kandidaten er klar for fagprøve gjennom ekstra opplæring i skule og utplassering i bedrift
 - b) oppmelding til fagprøve
 - c) den praktiske tilrettelegginga av fagprøva
 - d) avvikling av fagprøva
3. Skulen som gir opplæring får basistilskot II i inntil tre månader per kandidat. Tilskotet skal dekkast over løyvinga til tilskot til lærebedrifter.

Endringsframlegg:

Fagopplæringsnemnda kom med følgjande framlegg til nytt punkt.:

4. Tilbodet gjeld ikkje elevar som har takk nei til læreplass.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesdirektøren med dei endringar som går fram under endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Søkjarar som har fullført vg3 automatiseringsfaget og vg3 dataelektronikarfaget som står utan læreplass per 15. august (påfølgjande skuleår), får tilbod om ekstra opplæring ved den skulen der dei fekk opplæring på vg3.
2. Skulen som gav opplæring på vg3 (avgjevarskule) har ansvar for:

- a) sikre at kandidaten er klar for fagprøve gjennom ekstra opplæring i skule og utplassering i bedrift
- b) oppmelding til fagprøve
- c) den praktiske tilrettelegginga av fagprøva
- d) avvikling av fagprøva

- 3. Skulen som gir opplæring får basistilskot II i inntil tre månader per kandidat.
Tilskotet skal dekkast over løyvinga til tilskot til lærebedrifter.
- 4. Tilbodet gjeld ikkje elevar som har takk nei til lære plass.